



# Endring av takst- og rabattsystem i Vossapakko

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjera bompengeinnkrevjinga enklare.

## Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgande endringar frå 01.12.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20% rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Voss og omland bompengeselskap AS vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20% rabatt. Lokale forskotsavtaler med 30-50% rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Voss og omland bompengeselskap AS for å oppnå lokal rabatt på 30%-50% rabatt vert avvikla.

AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. desember verte trekt frå hovudavtala.

Sluttavrekning og eventuelt innestående beløp på tilleggsavtalar vert tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

## Tilskot til reduserte bompengar

Vossapakko har fått tilskot frå tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor dei største byområda. I tråd med føresetnadene for tilskotsordninga er takstane som no vert kunngjort reduserte med 10% i høve til det dei elles ville vore.

Nye takstar som gjeld frå 01.12.2018:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Vossapakko	47,00	168,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Vossapakko etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn eit passeringstak på 25 passeringar pr. måned for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale. Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer for bompengeprojekt.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer. Per i dag gjelder følgjande:

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen\*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute\*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag\*

Fritaksordningar merka med \* føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timeregelen vert vidareført.

Gjennom handsaminga av Prop. 87 (2017-2018) blir det opna for at det kan innførast bompengebetaling for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeanlegg dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette. Inntil vidare blir det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy køyrer gratis i bomstasjonane. Gratis passeringar med nullutsleppskøyretøy føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

For meir informasjon: [www.ferde.no](http://www.ferde.no)

**Takstvedtaket kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.**